



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3628 - 16/31779

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
18.11.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 125/56 Kjeilen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om påbygg på bustad den 16.11.2016. Kommunen er i utgangspunktet positiv til tiltaket.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### **Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen sine føresegner pkt 3.1 for påbygg over 50 m<sup>2</sup>**

Planføresegnene pkt. 6.9 opnar for mindre tiltak (plan- og bygningslova 2009 § 20-2 bokstav a), utan reguleringsplan i LNF med spreidd bustadbygging. Sakshandsamingsforskrifta definerer mindre tiltak etter § 20-4 (tidlegare § 20-2) klart:

Tilbygg opp til 50 m<sup>2</sup> og frittstående uthus opp til 70 m<sup>2</sup>.

Påbygg er ikkje med som mindre tiltak i Sakshandsamingsforskrifta, men er nemnt i planføresegna.

Bygd areal (BYA) på 59,5 m<sup>2</sup> er uansett ei utviding av bustadhuset som er for stor til å verta handsama utan dispensasjonssøknad.

### Nabovarsling

I utgangspunktet skal det opplysast om dispensasjonssøknad i nabovarselet.

Det er ikkje registrert merknader til dette påbygget. Det må difor kunna akseptert at det ikkje vert varsla særskilt om dispensasjon.

### Frist for supplerings av søknad

Kommunen ber om at dispensasjonssøknad vert sendt inn **innan 19.12.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Fordi søknaden ikkje er komplett, oppfyller han ikkje krava til søknad med 3 veker sakshandsamingsfrist.**

Fristen vert 12 veker, pluss den tida det tek å henta inn nødvendig tilleggsdokumentasjon.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Odd Helge Solberg

Keilegavlsvegen 46 5953

FONNES

### **Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN